

SYKKYLVEN KOMMUNE
Kyrkjevegen 62
6230 SYKKYLVEN

Vår dato: 15.09.2021
Vår ref.: 202110295-2
Arkiv: 312
Dykkar dato:
Dykkar ref.:

Sakshandsamar:
Herman Lange Johnsen
22959827/herj@nve.no

Høyring av konsesjonssøknad om elektrifisering av Bugane fiskeoppdrettsanlegg i Sykkylven kommune

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) har motteke konsesjonssøknad frå Hofseth Aqua AS om å leggje ein 22 kV sjøkabel frå Ramstadvika til Bugane fiskeoppdrettsanlegg, og å installere ein transformator i oppdrettsanlegget med yting 0,63 MVA og omsetnad 22/0,4 kV. Anlegget ligg i Sykkylven kommune i Møre og Romsdal fylke.

Høyringsfristen er sett til **6. oktober 2021**.

Hofseth Aqua AS ønskjer å elektrifisere fiskeoppdrettsanlegget Bugane i Sykkylven kommune i Møre og Romsdal fylke, vist i kartet under. Dei søker difor om anleggskonsesjon for å byggje, eie og drive ein 22 kV sjøkabel til anlegget deira. Sjøkabelen vil bli om lag 4,1 km lang og gå frå ein nettstasjon i Ramstadvika til oppdrettsanlegget på sørsida av Storfjorden. Hofseth Aqua AS søker òg om konsesjon for ein transformator i anlegget med yting 0,63 MVA og omsetnad 22/0,4 kV.

Ifølgje Hofseth Aqua AS vil elektrifisering av Bugane fiskeoppdrettsanlegg vere eit viktig bidrag for å redusere lokal luftforureining, støy og samla klimagassutslepp.

Hofseth Aqua søker om konsesjon i medhald av energilova.

Gjennom høyring av konsesjonssøknaden ønskjer NVE å få høyringsinstansane sine synspunkt på planane og forslag til tiltak som kan redusere negative verknader.

Søknaden er tilgjengeleg på NVE sine internettsider www.nve.no/7594/A.

De kan sende fråsegn på ein av følgjande måtar:

- via skjema for fråsegner, som de finn på våre internettsider
- via e-post til uttalelse@nve.no (merk e-post med «Høyringsuttale» og saksnummer 202110295 i emnefeltet, og skriv namn og/eller organisasjonsnummer i innleiinga)

Fråsegner må sendast til NVE **innan 6. oktober 2021**.



Oversiktskart Bugane fiskeoppdrettsanlegg

Informasjon til Sykkylven kommune

NVE ber kommunen leggje ut søknaden/link til NVE si nettside om saka på kommunen sin nettside og eventuelt facebooksider, og å orientere aktuelle lokale velforeiningar, idrettslag, interesseorganisasjonar med fleire om søknaden.

Med helsing

Lisa Vedeld Hammer
seksjonssjef

Herman Lange Johnsen
rådgjevar

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

Mottakarliste:

Fiskarlaget Vest
Fiskeridirektoratet Region Vest
Grunneigarar/rettshavarar
Kystverket Vest
Møre og Romsdal fiskarlag
Møre og Romsdal fylkeskommune
Naturvernforbundet i Møre og Romsdal



STATNETT SF
STATSFORVALTAREN I MØRE OG ROMSDAL
STIFTELSEN MUSEUM VEST
STRAUMEN NETT AS
SYKKYLVEN KOMMUNE
Ålesund og Suløy fiskarlag